

Baståsen

Fakta :

G.nr32. Br.nr 2

Eigar: Egil Olav Bøe, Bergen (sannsynligvis 2.gen arving etter «Haugesunds-Bøen»)

Bygningar : Ei reiskapshytte, oppført i samband med gran-planting tidleg på 50 -talet

Areal ca. 68 dekar

Kupert, unnateke ei «slette» sør-aust for sjølve åsen.

I min barndom var vegetasjonen dominert av Hassel (Hatl), men plassen vart planta med norsk gran på 50 talet.

Mulig at det har vore bebudd heit sidan mellomalderen.

.....

Bertil Omundsson var brukar ein periode før 1804. I 1804 vart plassen bygsla av Daniel Pedersson.

Det vart då bygd røykstove , flor og løe som eigaren eigde.

Hans Jansson Hauge frå Sveio var ein annan bygslar.

Ein tredje bygslar, **Jon Larsen Kloster**, kom frå Halsnøy. Han bygsla i 1836, og var der til 1868, då han kjøpte Ørevik og flytte dit. Etterpå vart Baståsen fråskild og fekk bruksnummer 2.

Nils Nilsson Hovstad bygsla Baståsen i 1860. Han var bror til **Jakob Nilsson Hovstad** som slo seg ned på Foldrøyholmen. Dei kom frå Hovstad på Fitjar.

«**Nils i Baståsen**» som dei kalla han, flytta til Finnås i 1902. Eit av borna hans, Nils (Nedrebø) f.1872, er oldefar til Job Nedrebø.

Siste eigar og busetjar i Baståsen heitte **Hans Hansson Fylkesnes**. Han bygsla fram til han døydde i 1912. Etterpå har det ikkje budd folk.

Det er mykje som tyder på at Baståsen var ein møteplass frå gammalt av. Ein times gange i skogen var ikkje noko sak den gongen.

Under krigen var det fleire illegale 17.mai-feiringar i Baståsen. Om denne feiringa gjekk føre seg mens tyskerane ennå var i Skulehuset er uklårt, i tilfelle såg dei mellom fingrane til det, men det er i alle fall sikkert at det var feiring i Baståsen seinare i krigen. Men deltakarane var forsiktige, og hørde dei flydur, gøynde dei seg inni skogen.

Likevel hadde 17.mai- feiringa i Baståsen både song og talar, matøkt og leikar, nett som 17. mai i dag. Om kvelden var det ungdommane som overtok Baståsen. Då var det dans. Og der kom ungdommar gjennom skogen både frå Finnås og frå Bremnes.

Denne delen av feiringa var skipa av Fråhaldslaget og det er nokså sikkert at det også blei framført skodespel eller tablå som underhaldning. I spissen av Fråhaldslaget som seinare vart Foldrøy Frilynde Ungdomslag, var Ivar Karlsen, Leif Folgerø, Peter Andreassen og Hjalmar og Odd Myre, Karl Bjørkelund og Karl Karlsen med fleire.

I det heile var Baståsen ein samlingsplass for ungdommar frå Foldrøy og nabobygdene i ulike samanhengar til ut på 50 –talet.

Eg (f 1942) kan hugsa at ungdommar frå Mækjebakken og Foldrøy hadde fotballkamp der.

Kjelder: Gamlefolk og Bygdeboka!

14.07.2022, Jan Willy.